



## SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Jørgen Vestgarden

Arkivsak nr.: 2017/1034

Arkivkode: K40

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Forvaltningsutvalet	20.05.2019

### REVIDERING AV BESTANDSPLAN FOR HJORT 2019-2021 - AUSTEFJORD STORVALD

#### Administrasjonen si tilråding:

*Forvaltningsutvalet godkjenner den reviderte bestandsplanen for hjort for Austefjord storvald.*

*Austefjord storvald får ei årleg tildeling på 215 dyr og totalt 645 dyr i perioden 2019-2021. Valdet kan overføre inntil 10 % av årleg kvote, dvs. 21 dyr, mellom åra i planperioden.*

#### Vedleggsliste:

Søknad om revidering av bestandsplan for Austefjord storvald.

#### Saksopplysningar/fakta:

Grunna rekordavskyting, mange trafikkdrepte dyr og store skader på innmark og ungskog vart minsteareal i kommunen endra i mars 2018 slik at ein kan tildele fleire løyver og dermed redusere den store hjortebestanden. Minstearealet er 400 da for heile kommunen.

Austefjord storvald har søkt om å endre bestandsplanane dei er i gong med for å ta ut fleire dyr og dermed redusere aukande beitepress og påkjørsler.

#### Vurdering og konklusjon:

**Frå hjorteviltforskrifta § 16. Godkjenning og endring av bestandsplan for elg og hjort**  
*Kommunen skal behandle søknad om godkjenning av ny bestandsplan eller endring i eksisterende bestandsplan innen 15. juni.*

*En godkjenning fastsetter fellingstillatelser for hele bestandsplanperioden, og skal inneholde informasjon om muligheten for overføring av et begrenset antall fellingstillatelser mellom år i perioden.*

*Kommunen kan trekke godkjenningen tilbake og tildele nye fellingstillatelser dersom arealkravet i § 15 ikke lenger er oppfylt, ved manglende rapportering, ved vesentlig uforutsette endringer i bestanden i området eller ved vesentlige avvik fra godkjent bestandsplan, herunder avvik i forhold til årlig planlagt avskyting i antall, kjønn eller alder.*

*Frist for kommunen til å trekke godkjenningen tilbake er 1. april.*

Austefjord storvald fekk ny bestandsplan i 2017 med 550 da/løyve. Valdet melder om ei stor hjortestamme med behov for fleire løyver. Dei søkjer no ein årleg kvote på 215 dyr med 426 da i minsteareal.

Ein viser til saksutgreiinga og søknad om revidering av bestandsplanen for Austefjord storvald og tilrår at forvaltningsutvalet godkjenner den reviderte planen.

Med helsing  
Liv Bente Viddal  
Seksjonsleiar Landbrukskontoret

Peder Magnus Magnussen  
fagansvarleg skogbruk

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Utskrift av endeleg vedtak:**  
Landbrukskontoret i Ørsta og Volda

**Klageinstans:**

Fra: Austefjord Storvald[austefjordstorvald@gmail.com] Sendt: 16.04.2019 20:47:31 Til: Peder Magnussen Tittel: Søknad om økt tildeling av hjorteløyver

Hei.

Austefjord storvald søker herved om ei justering av inneverande 5års plan .

Vi registrerer at det er eit ønske fra kommuna om å ta ut meir hjort, vi har også erfart både økande beitepress og påkjøringer. Vi søker derfor om ei økning på 22,9 % ,det utgjør ei øking på 49 løyver og vi ender da på totalt 215 løver årlig som tilsvarer 426 da/løyve.

Vi planlegg å fordele dei på jaktfelta slik vedlagt oversikt syner, i tillegg øker vi restkvota til 20dyr totalt, desse brukar vi til skrapdyrordninga vår og som ekstradyr til dei som fyller kvota tidleg.

Mvh

Tormod Slåttelid

	Tildeling pr i dag	Økning	Ny tildeling	Max
Høydalsnes	3	1	4	
Høydal, ytre	8	2	10	
Høydal, indre	11	3	14	
Holsvik-Vike	13	3	16	
Vadstein-Humb	5	2	7	
Hjorthaug	7	2	9	
Ullaland/Hunnes	9	0	9	
Årset-Aurstad	8	2	10	
Fyrde	12	3	15	
Sundal	11	3	14	
Engjåberg-Gjer	10	3	13	
Langvatn-Nes	14	3	17	
Fossebygda	7	2	9	
Kalvatn, nøre	14	3	17	
Kalvatn, søre	14	3	17	
Osdal	11	3	14	
Økning		38		
Restkvote	9		20	34
Sum	166		215	229
Økning i %		22,9		
Areal	91600		91600	91600
Løyver	166		215	229
Da/ løyve	551,81		426,05	400



## SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Jørgen Vestgarden

Arkivsak nr.: 2017/1034

Arkivkode: K40

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

Forvaltningsutvalet

20.05.2019

### BESTANDSPLAN FOR VIKEBYGDA HJORTEVALD

#### Administrasjonen si tilråding:

*Forvaltningsutvalet godkjenner framlagd bestandsplan for hjort for Vikebygda hjortevald for perioden 2019 - 2020. Valdet får tildelt fellingsløyve på 40 frie dyr for denne 2-års perioden. Valdet kan overføre inntil 10 % av årleg kvote, dvs. 2 dyr, mellom åra i planperioden.*

*Det vert gjort fråvik frå minstearealet i kommunen etter § 7 i forskrifta, for planperioden. Grunngeving er hjortestamma sin storleik i området og kommunen.*

#### Vedleggsliste:

Målsetjing for hjorteforvaltning i Volda kommune.

Søknad om bestandsplan for Vikebygda hjortevald 2019-2020.

#### Saksopplysningar/fakta:

Tidligere har Rotevatn Vassbotn Fremmerlida (heretter Vikebygda hjortevald) hatt ei årleg tildeling, men etter at minstearealet vart endra frå 14 000 dekar til 8 000 opna det mogligheit for at mindre vald kunne søkje om bestandsplan. Vikebygda hjortevald har i søknad av 29.april fremma rullering av bestandsplan for åra 2019 – 2020, 2 år.

Valdet søker ei tildeling for perioden på 40 dyr. Med eit teljande areal på 10 097 da vert dette 505 da pr. løyve. Kommunen gjer vedtak om ei rammetildeling for perioden på frie dyr, men valdet skal oppfylle den avskytingsprofil for perioden 2019 – 2020 som valdet sjølv legg opp til og som forvaltningsstyret godkjenner. I avskytingsprofilen er det lagt opp til denne fordelinga: 30-35 % kalv, 30-35 % kolle, 15-20 % spissbukk og 10-20 % vaksen bukk.

Storvaldet/bestandsplanområde deler sjølv årleg ut tal på dyr etter kategori til det enkelte jaktfelt. At storvaldet administrerer jaktfelta med tildeling og rapportering sparer kommunen for arbeid, noko som vert godtgjort med redusert fellingsavgift. Bestandsplanområda i Volda har 40 % reduksjon i årleg fellingsavgift til viltfondet.

Årleg tildeling til Vikebygda hjortevald i perioden 2008-2018 har vore rundt 13-17 dyr, kor dei stort sett har fylt kvoten.

Det samla fellingsresultatet for heile kommunen har vore slik siste åra:

År	Tildelt totalt	Felt kalv	Felt spissb.	Felt kolle	Felt vaksen b.	Felt totalt	Fellings%
2008	542	123	86	182	96	487	90
2009	544	125	82	166	89	462	85
2010	563	132	82	180	84	478	85
2011	581	123	80	186	81	470	81
2012	586	92	91	140	56	379	65
2013	605	122	84	175	79	460	76
2014	596	93	61	157	72	383	64
2015	576	105	84	133	54	376	65
2016	549	123	94	160	81	458	83
2017	548	137	105	170	96	508	93
2018	669	163	113	210	87	573	86
<b>Snitt</b>	<b>578</b>	<b>122</b>	<b>87</b>	<b>169</b>	<b>80</b>	<b>439</b>	<b>79</b>

I 2018 utgjorde det telleande arealet 520 da/ felte dyr i Volda.

Volda kommune har vedteke kommunale mål for hjorteforvaltninga i kommunen i 2016. Hovudmåla er ei bærekraftig stamme med dei beste avlsdyra kor kjønns- og aldersfordelinga er stabilt fordelt.

#### **Vurdering og konklusjon:**

Kommunen skal vurdere forvaltningsplanen utifrå forskrift M-478\2016 om forvaltning av hjortevilt. I samband med godkjenning av bestandsplan er det § 15, 16 og 18 som gjeld, ev. § 7 om fråvik av minsteareal. Utdrag av paragrafane fylgjer under:

#### **§ 7 Fravik fra minstearealet**

*Kommunen kan ved tildeling av fellingstillatelser fravike minstearealet for elg, hjort og rådyr med inntil 50 prosent. Fravik kan gjøres på bakgrunn av ulikheter i artens levevilkår i kommunen, bestandens størrelse og utvikling, den skade viltet volder eller andre ekstraordinære forhold.*

*Fravik fra minstearealet er et enkeltvedtak som gjøres for særskilte vald og for et begrenset tidsrom.*

#### **§ 15 Krav til bestandsplan for elg og hjort**

*Vald eller bestandsplanområder som disponerer et tellende areal på minimum 20 ganger minstearealet kan søke kommunen om godkjenning av en flerårig, maksimalt femårig, bestandsplan for elg og/eller hjort.*

*Bestandsplanen skal inneholde mål for bestandsutviklingen, i samsvar med kommunens mål.*

*Bestandsplanen skal også inneholde en plan for den årlige avskytingen i antall dyr, som et minimum fordelt på kategoriene kalv, voksne hunndyr og voksne hanndyr, samt spissbukk for hjort.*

*Frist for å søke kommunen om godkjenning eller endring av bestandsplan er 1. mai.*

*Søknaden skal underskrives av bestandsplanområdets representant.*

#### **§ 16 Godkjenning og endring av bestandsplan for elg og hjort**

*Kommunen skal behandle søknad om godkjenning av ny bestandsplan eller endring i eksisterende bestandsplan innen 15. juni.*

*En godkjenning fastsetter fellingstillatelser for hele bestandsplanperioden, og skal inneholde informasjon om muligheten for overføring av et begrenset antall fellingstillatelser mellom år i perioden.*

*Kommunen kan trekke godkjenningen tilbake og tildele nye fellingstillatelser dersom arealkravet i § 15 ikke lenger er oppfylt, ved manglende rapportering, ved vesentlig uforutsette endringer i bestanden i området eller ved vesentlige avvik fra godkjent bestandsplan, herunder avvik i forhold til årlig planlagt avskyting i antall, kjønn eller alder. Frist for kommunen til å trekke godkjenningen tilbake er 1. april.*

### **§ 18 Fellingstillatelse for elg og hjort**

*Kommunen tildeler årlig fellingstillatelser for elg og hjort til godkjente vald med et tellende areal som minimum tilsvare minstearaet. Fellingstillatelsen gjelder innenfor det godkjente valdet.*

*For vald eller bestandsplanområder med godkjent bestandsplan skal fellingstillatelsene vise antall dyr uten spesifisering på alder og kjønn, og avskytingen skal utføres i samsvar med alder og kjønn i godkjent bestandsplan. For bestandsplanområder tildeles fellingstillatelsene hvert enkelt vald.*

*Kommunen skal sende fellingstillatelsen til valdansvarlig representant innen 15. juni.*

I 2018 vart det felt 573 hjort i Volda, ein oppgang på 11 % frå 2017. 16 av dei skutte dyra i Volda 2018 vart felt av Vikebygda hjortevald. Kvoten vert gitt som frie dyr, men med ei klar målsetting/krav til avskytingsprofil, kva kategori dyr etter kjønn og alder som skal fellast i perioden.

Det er positivt at valdet søker bestandsplan med dei fordelane det gir både for valdet og kommunen, men eit storvald på 10 000 dekar er eit lite vald og optimalt sett burde alle sentrumsvalda, samt Rotset vore eit storvald. I målsetjinga til kommunen legger ein opp til at hjortebestanden skal i størst mogleg grad forvaltas innan hjortens årsleveområde.

Grunna rekordavskyting, mange trafikkdrepane dyr og store skader på innmark og ungskog vart minsteareal i kommunen endra i mars 2018 slik at ein kan tildele fleire løyver og dermed redusere den store hjortebestanden. Minstearealet er nå 400 da for heile kommunen.

Etter § 7 i forskrifta kan kommunen fråvike minstearealet med inntil 50 %, dette må i så fall grunngjevast. Valdet søker om 505 da/løve og det må dermed gjerast fråvik frå minstearealet etter § 7 i forskrifta grunna hjortestamma sin storleik i området.

Kommunen skal etter § 16 gi informasjon om moglegheita for å overføre eit avgrensa tal fellingsløyve mellom år i perioden. Det er tilrådd at inntil 10 % av fellingsløyva kan overførast mellom år i perioden, og det vert tilrådd at Volda kommune legg seg på denne %-satsen, dvs. at dette valdet kan overføre inntil 2 dyr frå eitt år til eit anna i planperioden.

Valdet legg opp til at dei skal føre sett hjort med slaktevekte elektronisk fortløpande under jakta, dette er positivt for å kunne følgje utviklinga.

Ein viser til saksutgreiinga og framlagd bestandsplan for Vikebygd hjortevald for 2019 - 2020, og tilrår at forvaltningsutvalet godkjenner planen. Ein føreset at valdet oppnår målsettinga i avskytingsprofilen slik det går fram av bestandsplanen.

Med helsing

Liv Bente Viddal  
Seksjonsleiar landbrukskontoret Ørsta og Volda

Peder Magnus Magnussen  
fagansvarleg skogbruk

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Utskrift av endeleg vedtak:**  
Landbrukskontoret i Ørsta og Volda

**Klageinstans:**



# **Målsetjing for hjorteforvaltning i Volda kommune.**

m/ rettleiing for bestandsplanane

# **Målsetjingar for hjorteforvaltninga og rettleiing for bestandsplanane i Volda kommune:**

I §3 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt M-478 2016 heiter det:

*«Kommunen skal vedta mål for utviklingen av bestandene av elg, hjort, og rådyr der det er åpnet for jakt på arten(e). Målene skal blant annet ta hensyn til opplysninger om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane.»*

## **1. Gjennomføre ei bestandsretta hjorteforvaltning**

Hjortebestanden skal i størst mogleg grad forvaltast innan sitt årsleveområde. Dette er ei stor utfordring, med vår topografi og vår historisk, nederva valdsstruktur.

Ein vil legge vekt på lokal og berekraftig forvaltning av hjortestamma, at hjorteviltressursane er til nytte både nærings- og rekreasjonsmessig.

Viltforvaltninga skal søkje å ha eit uttak som er viltfagleg rett. Stamma skal ha så god kjønns- og aldersfordeling som råd, dyra skal ha god kondisjon/vekt etter alder og kjønn. Beitetrykk skal være berekraftig over tid, beiteskadar på nyttevekstar, innmark, og skog skal ikkje føre til store verditap for grunneigaren.

God bestandsretta hjorteforvaltning skal ha som resultat hjortestamme som over tid har god kjønnsbalanse og aldersfordeling, god kondisjon/gode vektar etter alder og kjønn.

## **2. God beitekvalitet i utmark**

Ein skal gjennomføre ei hjorteforvaltning som søker oppretthalde beitekvaliteten i vinterbeiteområda og byggje opp att beitekvaliteten i sterkt nedbeita områder ved større uttak . At vinterbeita har god nok kvalitet er avgjerande for hjorten, og det er viktig at viltforvaltninga overvakar denne..

I Volda gjennomførde Bioforsk Tingvoll, (no NIBIO) i 2008 ei gransking av kvaliteten på viktige vinterbeiteområde . Konklusjonen var at beitetrykket på den vegetasjon som er viktig for vinterbeite, m.a. blåbærlyngen, var moderat beita i store deler av kommunen, men dels sterkt nedbeita i Mork-området.

### 3. Redusere skadar på innmark og skog

Viltforvaltninga i kommunen tek høgde for å unngå stor skadebeiting, både på jord- og skog.

Hjortestamma må tilpassast slik at beitetrykket og skadane av den ikkje vert for stort på uønska areal, men dette er ikkje ein enkel oppgåve med den store stamme som ein har i dag. Både valda og drivar av jord- og skog må søke å ta ut skadedyr så snart desse er lokalisert, ofte er det få/færre dyr som gjer stor skade.

Valda/jaktfelt som over tid har store beiteskadar på innmark og skog, bør få ei større tildeling enn det som areal åleine tilseier .

Tiltak mot skadebeiting må setjast inn før avlingskader/skogskader vert eit vesentleg tap for grunneigaren.

#### **Biologisk mangfald:**

Det er sentralt i hjorteviltforvaltninga at stamma er godt tilpassa beitegrunnlaget.

Særleg i snørike vintrar kan hjorten gjere ikkje så lite skade på skog, både barskog og særleg edellauvskog kan verte skada, i verste fall kan dei døy.

#### **Naturmangfaldslova:**

Kommunen kan på kort varsel gi løyver på uttak av hjort utanfor jakttida for dyr som gjer skade på skog, nyttevekstar og innmark, eller som er til fare for trafikken og allmenta heimla i naturmangfaldslova.

### 4. Oppnå ein sunnare hjortestamme

I dette ligg både ei gunstig kjønnsfordeling, aldersfordeling, høgare slaktevektar, med sunne og friske dyr i godt hald. Best måler ein dette gjennom slaktevekt for kalvar og 1 1/2 årringar.

Volda har diverre ikkje godt nok grunnlag når det gjeld registrering av slaktevekter på hjort, det meste skriv seg frå innhenta data frå enkeltvald.

Systematisk innhenting av vekter vert eit viktig arbeid etter desse retningslinene.

Utan at ein har god nok dokumentasjon synes det ut frå dei innhenta data som slaktevektene for alle kategoriar dyr har gått ned i seinare år.

Ei målsetting for hjortestamma i Volda må være at ein gjennomsnittlige slaktevekter skal aukast med 10% i høve til 2012 nivå, der ein har ein del data.

**Snittvekt Volda 2012:**

Hokalv: 26 kg, hannkalv 28 kg, kolle 1.5 år 47 kg, spissbukk 51 kg.

**Snittvekt Volda 2013:**

Hokalv: 26 kg Hannkalv: 27 kg Hodyr 1,5 år: 42 kg Hanndyr 1,5 år: 48 kg

**Snittvekt 1992 i Møre og Romsdal:**

Hokalv: 28 kg Hannkalv: 30 kg Hodyr 1,5 år: 51 kg Hanndyr 1,5 år: 58 kg

Det bør ikkje være nokon god grunn for at Volda skal ligge så mykje under snittet for fylket, sjølv om data er usikre.

**Virkemiddel er innføring av strengare vektgrensar for skrapdyr og større redusering av hjortestamma i pressområde.**

## 5. Viltpåkøyrslar.

Viltpåkøyrslar er ein stor kostnad for samfunnet og representere både fare for folk tryggleik, store økonomiske skadar og dyras liding.

Volda kommune har fallviltavtale med Volda og Ørsta Ettersøksring. Viltfondet dekker kostnadene som går med til ettersøk, avliving og fjerning av fallvilt.

Målsetjinga er å halde hjorteviltstamma på eit nivå slik at påkøyrslar kan på eit lågast mogleg nivå, m.a. ved tiltak som å unngå lagring av rundballar langs trafikkert veg, og god sikt langs vegane.

## 6. Fellingsavgift

Inntil nytt vedtak vert gjort er fellingsavgifta for kalv kr. 180,- og 300,- for vaksne dyr.

- Dokumenterte skrapdyr skal ikkje svare fellingsavgift.

For vald **med** fleirårig bestandsplan, tildeling etter § 18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt, vert det gitt 40% rabatt.

For vald **utan** godkjend bestandsplan, også tildeling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt vert det ikkje gjeve rabatt.

Krav for å oppnå rabatt:

- Valdet/bestandsplanområdet skal utføre vårteljning kvart år.
- Det skal rapporterast frå jakta på [www.settogskutt.no](http://www.settogskutt.no) eller på Setthjort skjema etter fastsett tidsfrist, 14 dg frå jaktslutt.

## 7. Interkommunalt samarbeid.

Kommunane på søre Sunnmøre samarbeider i hjorteforvaltninga, m.a. felles teljedatoar for vårteljning av hjort. Ein har samarbeidd om både merke- og vinterbeiteprosjekt tidlegare. Ein vil halde fram dialog om forvaltning, og samarbeide om framtidige prosjekt. Vidare har Volda og Ørsta god dialog med samordning innan hjorteforvaltninga, m.a. er det være aktuelt med hjortevald over kommunegrensa.

## 8. Rapport og kontroll.

Etter § 32 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt er det rapportplikt av fellingsresultat innan 14 dagar etter jaktslutt.

Alle felte kalvar skal rapporterast straks etter felling, kommunen bør/kan utføre stikkprøvekontrollar av felt kalv.

## 9. Målsetting til bestandsplanane:

- Minimum 25 % kalv
- Minimum 25 % ungdyr (1 ½ år)
- Minimum 70 % fellingsprosent av årlig tildeling og 80 % for perioden.
- Kjønnbalansert av fordeling mellom hanndyr og hodyr i uttaket, dvs. forhold mellom bukk og kolle kan justerast på valdnivå i uttaket etter data frå hjorteviltregisteret i bestandsplana. Kommunal målsetnad er 1,5 kolle per bukk.

- Innføring av skrapdyrkvota og krav om kontrollveging innan 48 timar etter felling, valda må ha internkontroll. Ved mykje skottrensing skal det leggest til vekt etter skjøn.
  - Vektgrense: 20 kg for kalv, for skrapdyr av kalv skal dyret rapporteras som kalv til kommunen, men belastas ikkje fellingsavgift og går ikkje på kvota.
  - 45 kg for 1 ½ år, rapporteras som skrapdyr og etter faktisk alder og kjønn, går ikkje på kvota.
  - 55 kg for 2 ½ år og eldre dyr og rapporteras som skrapdyr og etter faktisk alder og kjønn. Dyret går ikkje på kvota.
  - Vrakdyr etter avtale med kommune eller mattilsynet.
- Valda skal halde tilbake ein viss % -del av årleg kvota til fordeling mellom jaktfelt som har skutt full kvota/jaktfelt som har dyr til gode mot slutten av jakta.
- Etter Forskrift om forvaltning av hjortevilt skal kommunen ved godkjenning av bestandsplan gjere vedtak om overføring av fellingsløyver mellom åra i planperioden. Miljødirektoratet gjer framlegg om 10% av fellingsløyva kan overførast. Ordninga må praktiserast likt for heile kommunen.
- Brot på retningslinjer av bestandsplanar kan seiast opp av kommunen. Etter §16 i nemnde forskrift kan ein bestandsplan seiast opp om der er grove brot på føresetnader for planen. Dette kan være manglande rapportering, vesentleg endringar i bestanden, eller vesentlege avvik frå godkjend plan i form av årleg felling, kjønn og alder.

Frist for kommunen å trekke godkjend plan er 1.april.

ØRSTA KOMMUNE	
Seksjon: kun	Saken: viddal
29 APR 2019	
Saksnr: 2019/1003	ID:
Løpenr:	
Klass: k46	Tilgk: A

# **Bestandsplan for Rotevatn, Vassbotn og Fremmerlida hjortevald.**

**Periode 2019-2020**

## **Innleiing**

Rotevatn, Vassbotn og Fremmerlida, heretter omtala som Vikebygda hjortevald, har eit teljande areal på 10097 daa. Bestandsplanen si virketid er frå og med jaktåret 2019 til og med 2020.

Vikebygda er eit enkelt/ samla vald, og det vil ikkje være behov for fordeling mellom jaktfelt.

## **Målsetjing**

- Sikre ein bærekraftig bestand, der ein minimum prøvar å oppretthalde dagens slaktevekter, eller ideelt sett auke desse om mogleg.
- Oppretthalde dagens alders- og kjønnsamansetting (sjå avskytningsplan).
- Ivareta landbruks- og skogbruksinteresser.
- Imøtekome kommunens målsetjingar i den grad dette er foreineleg med valdets eigne.
- Kunne ha ei årleg avskyting på ca 15-18 dyr og samstundes oppfylle ovanfor nemnde mål.

## **Bestand og bestandsutvikling**

I Vikebygda har vi hjort spreidd over heile valdet. Vi har også overvintring av hjort over det meste av dei lavareliggande delane av valdet, med konsentrasjonar i fleire mindre lommer. Her er trekkande dyr/ flokkar gjennom store delar av året, særleg i brunsten og på våren. Teljingane på våren er dermed ikkje nødvendigvis alltid fullstendig representative for den stadbundne bestanden gjennom året ellers. Omlag 35-50% av dei felte dyra er normalt antatt trekkande dyr.

Vi har ikkje eksakte data på kor stor den stadbundne vinterbestanden er, men anslår han pr. d.d. til å ligge på omlag 20-30 dyr, med hovudvekt av hodyr, kalvar og spissbukkar. Kanskje 12-15 kalvande koller, og 10-12 i eit meir gjennomsnittleg år. Her finst også bukkar, men valdet er ikkje eit utprega «bukkevald».



På 90-talet og tidleg 2000-tal var bestanden svært høg, som ellers i distriktet. Det vart drive hard avskyting over fleire år, med 19 tildelte løyver fram til omlag 2001. Denne kvota vart for det meste fylt eller tilnærma fylt (felt 17-19 dyr/ 90-100%), og det var sopass med dyr at ein kunne være selektiv i avskytinga (t.d. ungkoller/ vaksne koller, eller små dyr/ store dyr). Etter at jakta var avslutta 15. november, var det ikkje unormalt å observere flokkar på 10-15 dyr ute på markane. Vidare var det svært vanleg å gå seg på dyr på skogen under sauesanking og anna aktivitet. På denne tida var bestanden truleg noko høg.

Frå ca 2001 og utover var tildelinga på 17 løyver, og også denne kvota vart stort sett fylt eller bort imot fylt (15-17 dyr/ 90-100%). Men utover 2000-talet byrja vi å merke at vi måtte anstrenge oss meir og meir for å fylle kvota, og at vi hadde mindre å velge imellom av dyr, og derfor ikkje kunne være like selektive i avskytinga. Dette var også ein generell trend på mange av valda i området Volda/ Ørsta. I denne perioden var truleg avskytinga litt hogre enn ideelt.

I 2009-2010 fekk vi ein hard, snøtung vinter, noko som førte til ein kraftig reduksjon i bestanden, truleg p.g.a. ein kombinasjon av masseutvandring mot meir kystnære/ mildare strøk, og sveltedød. Påfølgande sesong (2010), skaut vi berre 12 av 17 dyr (71%), ein tendens som også var tydeleg over store delar av Volda og Ørsta. T.d. Berkneshalvøya opplevde katastrofalt dårleg avskyting dette året og dei påfølgande åra. I desse tider byrja ein også på nasjonalt/ regionalt nivå å snakke om at bestandstoppen truleg var nådd og passert, og at avskytinga kanskje burde reduserast.

Vidare fylgde ein ny hard vinter frå 2010-2011, og jakta 2011 gjekk endå dårlegare, med 9 felte dyr av 17 tildelte (53%). Vi måtte legge ned mykje tid for å skyte dei dyra vi skaut, og 3 av desse 9 vart skotne på éin kveld frå ein trekkande flokk, seint i jakta. Det kunne altså like gjerne ha vorte 6 felte dyr (35%) den sesongen.

F.o.m. 2012 fekk vi redusert kvota til 13 dyr, og vi skaut 10 av desse (77%). Bestanden synast då å ha stabilisert seg på eit lavt nivå, med ein svak tendens til vekst frå botnåret 2011.

Etter 2012 har bestanden vore i jamn vekst, og vi har stort sett skote 100% av kvota på 13 dyr kvart år. I 2018 hadde vi ei tildeling på 16 dyr, som vi skaut utan vanskar. Truleg kunne vi ha skote 20 dyr, utan at det hadde vore uforsvarleg høgt. Det må igjen påpeikast at ein betydeleg andel av felte dyr kvart år består av trekkande dyr (frå Bondalen/ Åmdalen/ Krøvelen, og truleg til dels Austefjorden/ Hjartåbygda, via Høgedalen/ Rotset). Soleis kan ein seie at det forsvarlege *lokale* uttaket i 2018 truleg kunne ha lege på omlag 12-13 dyr, isolert sett (ca 19-22 med trekkdyr). I eit gjennomsnittleg år ville dette talet truleg ligge på rundt 9-11 dyr (ca 15-18 med trekkdyr).

Slakteveker har dei siste 20 åra vore stabile. Vi har ikkje ført statistikk over dette, men har fleire jegerar som har jakta i 20 år eller meir, og har hatt god oversikt over slakteveker heile vegen. Typisk har gjennomsnittlege vekter vore omlag slik:

Kalvar, 20-24 kg tidleg i jakta, og 26-30 kg mot slutten av jakta.

Fjorskoller, 42-45 kg

Spissbukkar 42-48 kg

Vaksne koller, 50-60 kg

2,5 år gamal bukk, 70-80 kg

3,5 år gamal bukk, 80-90 kg

Sjølvsagt er der enkeltindivid som skil seg ut eine eller andre vegen med inntil 5 kg, men desse tala er representative for gjennomsnittet. Eldre bukkar varierar i utgangspunktet so mykje i storleik/ vekt at det vert feil å prøve å definere ei snittvekt for desse på eit so lite vald.

Det er interessant å merke seg at slaktevektene korkje har gått opp eller ned i takt med dei ovanfornemnde svingningane i bestanden. Ein skulle tru at vektene ville byrje å gå noko opp i etterkant av botnåra 2010/ 2011, i alle fall etter nokre år med lav bestand. Dette har ikkje vore tilfelle, sjølv etter snart 10 år, og det er soleis nærliggande å tru at dei slaktevektene vi har hatt dei siste 20 åra er naturlege for dei typane biotop vi har her i området, og moglegens genmaterialet i den noværande hjortestamma. Derfor har vi i utgangspunktet som målsetjing at slaktevektene ikkje skal gå ned, og so får vi eventuelt på sikt sjå om det er mogleg å prøve å auke dei. Som eit ledd i

dette kjem vi f.o.m. 2019 til å byrje å føre intern statistikk over slaktevekte, slik at vi kan få litt meir presise data for ettertida. For å få eit beitre datagrunnlag for vurdering av storleik på stamma opp mot slaktevekte og beiteskader m.m., kjem sett hjort til å verte ført elektronisk, fortløpande under jakta.

## Plan for årleg avskyting

Teke i betraktning dei brå og tidvis voldsomme svingningane i bestanden, ser vi det som fornuftig å ha kortast mulig intervallar for bestandsplanen. Pr. d.d. ser vi det som forsvarleg å skyte ca 20 dyr pr. År (40 dyr over 2 år), og på dette viset redusere bestanden noko, ned mot idealen med ei stamme som svarar til ca 15-18 felte dyr i året. Slik det er no, anser vi bestanden som noko høg, med ein del beiteskader på ungsog, rundballar og dyrkamark. Men dette kan også snu veldig fort av naturlege årsaker, og deretter vil det kunne ta mange år før bestanden igjen stabiliserar seg på eit fornuftig nivå. Det er derfor viktig å kunne endre uttaket i bestandsplanen på relativt kort varsel.

Fordeling mellom kjønn har stort sett lege på ca 50/50, og vi anser dette som fornuftig.

Aldersmessig fordeling ser vi for oss ca 1/3 kalv 1/3 fjorsdyr og 1/3 vaksne. På hanndyr kjem vi til å ha ei svak hovudvekt på spissbukk. På hodyr kjem vi ikkje til å differensiere mellom vaksne og fjorsdyr, då dette i praksis er svært lite gjennomførbart, og fører til dårlig avskyting.

Erfaringsmessig vert det uansett stort sett felt ca 50/50 vaksne koller og ungsog, sett over fleire år (sjå utdrag frå Hjorteviltregisteret).

År	Tildelt totalt	Felt hannkalv	Felt hunnkalv	Felt hanndyr 1 ½ år	Felt hunndyr 1 ½ år	Felt hanndyr eldre	Felt hunndyr eldre	Felt totalt	Fellingsprosent
2010	17	2	2	2	2	2	2	12	70,59
2011	17	1	1	2	3	1	1	9	52,94
2012	13	1	1	2	4	1	1	10	76,92
2013	13	2	2	2	3	2	2	13	100
2014	13	3	2	2	2	2	2	13	100
2015	13	1	4	0	0	2	5	12	92,31
2016	13	2	2	4	3	2	0	13	100
2017	13	2	3	3	0	2	3	13	100
2018	16	4	2	3	1	2	4	16	100

Prosentvis fordeling ser vi for oss omlag slik, fordelt slik at det går opp med total årleg kvote:

**Kalv:** 30-35%  
**Kolle:** 30-35%  
**Spissbukk:** 15-20%  
**Vaksen bukk:** 10-20%

Plan for dyr som skal fellast kvart år i perioden 2019-2020:

**Kalv:** 7 (6-7)  
**Kolle:** 7 (6-7)  
**Spissbukk:** 3 (3-4)  
**Vaksen bukk:** 3 (2-3)  
**Sum:** 20 (18-22)

I tråd med lovverket, vert det opna for å flytte inntil 10% av kvota (2 løyver) frå eit år til eit anna. I denne omgong vert det ikkje sett av løyver til å dele ut som skrapdyr, då det ikkje er hensiktsmessig/ gjennomførbart i ein sopass liten skala som dette valdet representerar. Dette vil verte vurdert på nytt ved neste periode.


## **Eigedomsliste og kart**

Oversikt over eigedomar og digitalt kart finnast i kommunens register.

---

Rotevatn, Vassbotn og Fremmerlida søker med dette om tildeling av 40 frie løyver for perioden 2019-2020.

På vegne av Vikebygda Hjortevald, Bjørn Egil Vassbotn, formann i valdstyret:

  
\_\_\_\_\_



## SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Jørgen Vestgarden

Arkivsak nr.: 2017/1034

Arkivkode: K40

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

Forvaltningsutvalet

20.05.2019

### FELLINGSLØYVE HJORT 2019 - VALD UTAN BESTANDSPLAN

#### Administrasjonen si tilråding:

*Hjortevald som ikkje har fleirårig bestandsplan skal ha tildeling av fellingsløyve etter § 18 om målretta avskyting heimla i Forskrift om forvaltning av hjortevilt (av jan. 2016).*

*Forvaltningsutvalet godkjenner tildelinga for hjortevalda for 2019 som er opplista i saksutgreiinga: 007 Liaskar/Egset, 009 Lid, 010 Åmelfot/Mårstøyl, 013 Driveklepp, 014 Rotset, 015 Steinsvik Vassbakke, 016 Åmelfotseter/Åmelfotdal, 017 Nordal/Klepp/Strand, 018 Halkjelsvik, 019 Åmelfot indre, 020 Bratteberg og 022 Mek/Krumsvik.*

*Tildeling etter § 18 skal vere etter kategori kalv (1/2 år), vakse hodyr (1 ½ år og eldre), spissbukk og vaksne hanndyr (1 ½ år og eldre) for det enkelte vald med ei fellingsløyve på 30 % kalv, 35 % kolle, 20 % spissbukk og 15 % vaksen bukk.*

*Kalv kan fellast i staden for vaksne dyr, og spissbukk kan fellast i staden for vaksne hanndyr.*

#### Vedleggsliste:

Målsetjing for hjorteforvaltning i Volda kommune.

Søknader om tildeling frå valda Liaskar/Egset, Rotset, Åmelfot/Mårstøyl,

Åmelfotseter/Åmelfotdal, Nordal Klepp Strand og Åmelfot indre.

#### Saksopplysningar/fakta:

Det er 12 vald i Volda kommune som ikkje har bestandsplan. Frå Rotset til Liaskar er det 6 vald, Steinsvika/Åmelfot har 4 vald, Mek/Krumsvik og Lid står som småvald utan bestandsplan. Vald utan bestandsplan har totalt 49 429 da teljande areal og utgjer 17 % .

Dei skal ha tildelt fellingsløyve etter § 18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt. Tildeling til kvart vald vert gjort som enkeltvedtak.

Volda kommune arbeider for ei betre organisering av hjortevalda i kommunen, at valda utarbeider fleirårig bestandsplan som er meir er i samsvar med hjorten sitt årsleveområde. Med bestandsplanar vil rettshavarane drøfte meir langsiktig mål i hjorteforvaltninga, hauste

betre i samsvar med beiteressursane og få ei stamme med god fordeling på alder og kjønn.

I Volda hadde ein i 1999 heile 54 hjortevald, i dag er dette redusert til 21 vald. Likevel har ein altfor mange vald som ikkje i det heile støttar ei fagleg og god forvaltning. Ein starta arbeidet med å få færre vald på nyåret, men tross god dialog vart det ikkje slått saman nokon vald.

Endring av minstearealet betyr at fleire vald held kravet i hjorteviltforskrifta om at bestandsplanområdet må vere på minimum 20 gonger minstearealet, for Volda betyr dette 8 000 da. Rotevatn Vassbotn Fremmerlid som tidligare har hatt ei årleg tildeling har sendt inn søknad om bestandsplan.

Valda Liaskar/Egset, Åmelfot Mårstøyl, Åmelfotseter/Åmelfotdal, Nordal Klepp Strand og Åmelfot indre har sendt inn søknader om auka kvoter grunna mykje hjort. Valdet Rotevatn Vassbotn Fremmerlid ynskjer ein lågare tildeling ein minstearealet tilseier.

Fellingsresultatet samla for heile kommunen har vore slik siste åra:

År	Tildelt totalt	Felt kalv	Felt spissb.	Felt kolle	Felt vaksen b.	Felt totalt	Fellings%
2008	542	123	86	182	96	487	90
2009	544	125	82	166	89	462	85
2010	563	132	82	180	84	478	85
2011	581	123	80	186	81	470	81
2012	586	92	91	140	56	379	65
2013	605	122	84	175	79	460	76
2014	596	93	61	157	72	383	64
2015	576	105	84	133	54	376	65
2016	549	123	94	160	81	458	83
2017	548	137	105	170	96	508	93
2018	669	163	113	210	87	573	86
<b>Snitt</b>	<b>578</b>	<b>122</b>	<b>87</b>	<b>169</b>	<b>80</b>	<b>439</b>	<b>79</b>

Volda kommune har vedteke kommunale mål for hjorteforvaltninga i kommunen i 2016. Hovudmåla er ei bærekraftig stamme med dei beste avlsdyra kor kjønns- og aldersfordelinga er stabilt fordelt.

### **Tildeling for 2019 etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:**

#### **1. Vald 007 Liaskar/Egset.**

Tildeling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:

**3 kalvar, 4 koller, 2 spissbukkar og 2 vaksne bukkar; totalt 11 dyr.**

Det vert gjeve dispensasjon frå minstearealet etter §7 i forskrifta, grunngjeving er hjortestamma sin storleik i området og kommunen.

#### **2. Vald 009 Lid:**

Tildeling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:

**6 kalvar, 6 koller, 4 spissbukkar og 3 vaksne bukkar; totalt 19 dyr.**

#### **3. Vald 010 Åmelfot/Mårstøyl.**

Tildeling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:

**5 kalvar, 5 koller, 3 spissbukkar og 2 vaksne bukkar; totalt 15 dyr.**

Det vert gjeve dispensasjon frå minstearealet etter §7 i forskrifta, grunngjeving er

hjordestamma sin storleik i området og kommunen.

**4. Vald 013 Driveklepp:**

Tildeling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:

**2 kalvar, 3 koller, 1 spissbukkk og 1 vaksen bukk; totalt 7 dyr.**

**5. Vald 014 Rotset:**

Tildeling etter § 18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:

**3 kalvar, 4 koller, 2 spissbukkar og 2 vaksne bukkar; totalt 11 dyr.** Det vert gjeve dispensasjon frå minstearealet etter §7 i forskrifta, grunngjeving er hjordestamma sin storleik i området og kommunen.

**6. Vald 015 Steinsvik:**

Tildeling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:

**7 kalvar, 8 koller, 5 spissbukkar og 3 vaksne bukkar; totalt 23 dyr.**

**7. Vald 016 Åmelfotseter/Åmelfotdal:**

Tildeling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:

**3 kalvar, 3 koller, 2 spissbukkar og 2 vaksne bukkar; totalt 10 dyr.**

Det vert gjeve dispensasjon frå minstearealet etter §7 i forskrifta, grunngjeving er hjordestamma sin storleik i området og kommunen..

**8. Vald 017 Nordal/Klepp/Strand:**

Tildeling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:

**3 kalvar, 3 koller, 2 spissbukkar og 1 vaksen bukk; totalt 9 dyr.** Det vert gjeve dispensasjon frå minstearealet etter §7 i forskrifta, grunngjeving er hjordestamma sin storleik i området og kommunen.

**9. Vald 018 Halkjelsvik:**

Tideling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:

**1 kalv, 1 kolle, 1 spissbukkk og 1 vaksen bukk; totalt 4 dyr.**

**10. Vald 019 Åmelfot indre:**

Tildeling etter § 18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:

**2 kalvar, 2 koller, 1 spissbukkk og 1 vaksen bukk; totalt 6 dyr.** Det vert gjeve

dispensasjon frå minstearealet etter §7 i forskrifta, grunngjeving er hjordestamma sin storleik i området og kommunen.

**11. Vald 020 Bratteberg:**

Tildeling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:

**1 kolle.**

**12. Vald 022 Mek/Krumsvik**

Tildeling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt:

**5 kalvar, 6 koller, 3 spissbukkar og 2 vaksen bukk; totalt 16 dyr.**

**Vurdering og konklusjon:**

Tilrådinga for desse valda er gjort med grunnlag i Forskrift av minsteareal for hjort i Volda kommune av 13. mars 2018, etter historisk avskyting på hjortevalda og utviklinga på valda i seinare år.

Grunna rekordavskyting, mange trafikkdrepne dyr og store skader på innmark og ungskog vart minsteareal i kommunen endra i mars 2018 slik at ein kunne tildele fleire løyver og dermed redusere den store hjortebestanden. Minstearealet vart da 400 da for heile

kommunen. Dette resulterte i at det vart ei rekordavskyting med 573 dyr i 2018.

Kommunen har fått fleire meldingar frå bønder om skader på innmark og ungsog. Bondelaget har sendt ut brev kor dei ber kommunane om auke kvotene for å minske beitepresset frå hjorten.

Kommunen har tatt initiativ til å danne fleire storvald med bestandsplanar, slik at ein får ein meir fleksibel jakt, kor grunneigarane i større grad styrer både kor mykje hjort som skal takast ut, og korleis dyr som skal skytast. Dette ville gitt ein betre forvaltning av hjortestamma, samt mykje større fleksibilitet for grunneigarane. Dessverre var det laber respons frå valda til dette, og det gjer at kommunen kjem i ein fortvila situasjon kor ein gjerne skulle lagt til rette for å få til ein hyppigare reduksjon av hjortestamma i områder der bøndene er plagd av store beiteskader. Ein vil arbeide vidare med dette i kommunen i 2019/2020.

Etter § 7 i forskrifta kan kommunen fråvike minstearealet med inntil 50 %, dette må i så fall grunngjevast. Dei valda som har ei stor hjortestamme har fått fråvik frå minstearealet. Valdet Rotset ynskjer lågare kvote og har sendt inn søknad om det.

I 2017 vart valda og jegerane oppmoda til å nytte settogskutt.no for registreringane av sett hjort. Viltansvarleg fekk mange positive tilbakemeldingar på dette, og forventar at alle nyttar elektronisk registrering, samt legger inn slaktevekter frå 2019.

Ein tilrår at forvaltningsutvalet godkjenner framlegg for tildeling av hjortevald i Volda for 2019 som er opplista i saksutgreiinga, og tildeling etter § 18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt.

Med helsing  
Liv Bente Viddal  
seksjonsleiar landbrukskontoret Ørsta og Volda

Peder Magnus Magnussen  
fagansvarleg skogbruk

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Utskrift av endeleg vedtak:**  
Landbrukskontoret Ørsta og Volda

**Klageinstans:**



Fra: edvin-ma[edvin-ma@tussa.com]

Sendt: 02.04.2019 23:26:47

Til: Peder Magnussen

Tittel: Tildeling av hjorteløyve

---

Hei. Vald nr.1519V0010 Åmelfot/ Mårstøl vil med dette søke om økt tildeling i forbindelse med hjortejakta 2019.

Etter diskusjon innad i valdet, er vi enige om å søke om 15 dyr.

Mvh Edvin Mårstøl  
Valdleiar

Fra: Trond Barstad[Trond.Barstad@volda.kommune.no]  
Sendt: 02.04.2019 15:01:41  
Til: Peder Magnussen  
Tittel: tildeling

---

Hei.

Takk for sist.

Vi på Rotsetvaldet vil gjerne ha mindre tildelt antal dyr.

Dette på grunn av lite skote dyr dei seinaste år, og at der er mindre dyr å sjå både på innmark og i utmark.

Foreslår eit antal på 7-8 dyr pr år



**Trond Barstad**

*driftsleiar forvaltning og drift*

*Eigedom*

*Mobil 94868102*

[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)

Fra: Erling Aamelfot[e.j.aamelfot@hotmail.com]

Sendt: 08.04.2019 18:25:44

Til: Peder Magnussen

Tittel: Søker 2 ekstra hjorteløyve for jakta 2019

---

Åmelføtdalen 8/4 - 2019

Viltforvalter  
Magnussen  
Volda / Ørsta Kommune

ØRSTA KOMMUNE	
Saksjor	Sakst
Lanøv	Pedmag
11 APR 2019	
Saksnr	2019/790
Løpnr	ID
Klass	Tilgk
K46	A

Søknad om fellingsløyve for vald Åmelføtsøter-  
Åmelføtdal. Volda Kommune.  
Hjortevilt 2019.

Viser til møte på kontoret til P. Magnussen  
den 26/3 - 2019.

Tilstede var Magnussen, Knut Dahl og  
Bjarne Myklebust, for valdet.

Vi vart då einige om og søkje om 9 stk dyr.  
+ 1 dyr for fellesarealet, samla 10 dyr.  
Håper søknaden vert imøtekommen.

Tlf: 70053157  
Mobil: 97517809

M.v.h. Bjarne Myklebust  
Åmelføtdalen 120  
6120. Folkestad.

Fra: Kjetil Eikrem[keikrem@online.no]  
Sendt: 09.05.2019 13:38:40  
Til: Peder Magnussen  
Tittel: Tildeling av fellingsløyve hjort 2019

---

Hei igjen!

Viser til telefonsamtale tidlegare i dag. Har no snakka med den siste av jegerane i valdet, og kan stadfeste at vi ønskjer ei høg tildeling av fellingsløyve for jakta til hausten.

Egset/Liaskar ønskjer 10-11 fellingsløyve, ut frå at det er verkar å vere svært mykje hjort i området.

Med helsing

Kjetil Eikrem

# **Målsetjing for hjorteforvaltning i Volda kommune.**

**m/ rettleiing for bestandsplanane**

# Målsetjingar for hjorteforvaltninga og rettleiing for bestandsplanane i Volda kommune:

I §3 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt M-478 2016 heiter det:

*«Kommunen skal vedta mål for utviklingen av bestandene av elg, hjort, og rådyr der det er åpnet for jakt på arten(e). Målene skal blant annet ta hensyn til opplysninger om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane.»*

## 1. Gjennomføre ei bestandsretta hjorteforvaltning

Hjortebestanden skal i størst mogleg grad forvaltast innan sitt årsleveområde. Dette er ei stor utfordring, med vår topografi og vår historisk, nederva valdsstruktur.

Ein vil legge vekt på lokal og berekraftig forvaltning av hjortestamma, at hjorteviltressursane er til nytte både nærings- og rekreasjonsmessig.

Viltforvaltninga skal søkje å ha eit uttak som er viltfagleg rett. Stamma skal ha så god kjønns- og aldersfordeling som råd, dyra skal ha god kondisjon/vekt etter alder og kjønn. Beitetrykk skal være berekraftig over tid, beiteskadar på nyttevekstar, innmark, og skog skal ikkje føre til store verditap for grunneigaren.

God bestandsretta hjorteforvaltning skal ha som resultat hjortestamme som over tid har god kjønnsbalanse og aldersfordeling, god kondisjon/gode vekter etter alder og kjønn.

## 2. God beitekvalitet i utmark

Ein skal gjennomføre ei hjorteforvaltning som søker oppretthalde beitekvaliteten i vinterbeiteområda og byggje opp att beitekvaliteten i sterkt nedbeita områder ved større uttak . At vinterbeita har god nok kvalitet er avgjerande for hjorten, og det er viktig at viltforvaltninga overvakar denne..

I Volda gjennomførde Bioforsk Tingvoll, (no NIBIO) i 2008 ei gransking av kvaliteten på viktige vinterbeiteområde . Konklusjonen var at beitetrykket på den vegetasjon som er viktig for vinterbeite, m.a. blåbærlyngen, var moderat beita i store deler av kommunen, men dels sterkt nedbeita i Mork-området.

### 3. Redusere skadar på innmark og skog

Viltforvaltninga i kommunen tek høgde for å unngå stor skadebeiting, både på jord- og skog.

Hjortestamma må tilpassast slik at beitetrykket og skadane av den ikkje vert for stort på uønska areal, men dette er ikkje ein enkel oppgåve med den store stamme som ein har i dag. Både valda og drivar av jord- og skog må søke å ta ut skadedyr så snart desse er lokalisert, ofte er det få/færre dyr som gjer stor skade.

Valda/jaktfelt som over tid har store beiteskadar på innmark og skog, bør få ei større tildeling enn det som areal åleine tilseier .

Tiltak mot skadebeiting må setjast inn før avlingskader/skogskader vert eit vesentleg tap for grunneigaren.

#### **Biologisk mangfald:**

Det er sentralt i hjorteviltforvaltninga at stamma er godt tilpassa beitegrunnlaget.

Særleg i snørike vintrar kan hjorten gjere ikkje så lite skade på skog, både barskog og særleg edellauvskog kan verte skada, i verste fall kan dei døy.

#### **Naturmangfaldslova:**

Kommunen kan på kort varsel gi løyver på uttak av hjort utanfor jakttida for dyr som gjer skade på skog, nyttevekstar og innmark, eller som er til fare for trafikken og allmenta heimla i naturmangfaldslova.

### 4. Oppnå ein sunnare hjortestamme

I dette ligg både ei gunstig kjønnsfordeling, aldersfordeling, høgare slaktevektar, med sunne og friske dyr i godt hald. Best måler ein dette gjennom slaktevekt for kalvar og 1 1/2 årringar.

Volda har diverre ikkje godt nok grunnlag når det gjeld registrering av slaktevekter på hjort, det meste skriv seg frå innhenta data frå enkeltvald.

Systematisk innhenting av vekter vert eit viktig arbeid etter desse retningslinene.



Utan at ein har god nok dokumentasjon synes det ut frå dei innhenta data som slaktevektene for alle kategoriar dyr har gått ned i seinare år.

Ei målsetting for hjortestamma i Volda må være at ein gjennomsnittlige slaktevekter skal aukast med 10% i høve til 2012 nivå, der ein har ein del data.

**Snittvekt Volda 2012:**

Hokalv: 26 kg, hannkalv 28 kg, kolle 1.5 år 47 kg, spissbukk 51 kg.

**Snittvekt Volda 2013:**

Hokalv: 26 kg Hannkalv: 27 kg Hodyr 1,5 år: 42 kg Hanndyr 1,5 år: 48 kg

**Snittvekt 1992 i Møre og Romsdal:**

Hokalv: 28 kg Hannkalv: 30 kg Hodyr 1,5 år: 51 kg Hanndyr 1,5 år: 58 kg

Det bør ikkje være nokon god grunn for at Volda skal ligge så mykje under snittet for fylket, sjølv om data er usikre.

**Virkemiddel er innføring av strengare vektgrensar for skrapdyr og større redusering av hjortestamma i pressområde.**

## 5. Viltpåkøyrslar.

Viltpåkøyrslar er ein stor kostnad for samfunnet og representere både fare for folk tryggleik, store økonomiske skadar og dyras lidning.

Volda kommune har fallviltavtale med Volda og Ørsta Ettersøksring. Viltfondet dekker kostnadene som går med til ettersøk, avliving og fjerning av fallvilt.

Målsetjinga er å halde hjorteviltstamma på eit nivå slik at påkøyrslar kan på eit lågast mogleg nivå, m.a. ved tiltak som å unngå lagring av rundballar langs trafikkert veg, og god sikt langs vegane.

## 6. Fellingsavgift

Inntil nytt vedtak vert gjort er fellingsavgifta for kalv kr. 180,- og 300,- for vaksne dyr.

- Dokumenterte skrapdyr skal ikkje svare fellingsavgift.

For vald **med** fleirårig bestandsplan, tildeling etter § 18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt, vert det gitt 40% rabatt.

For vald **utan** godkjend bestandsplan, også tildeling etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt vert det ikkje gjeve rabatt.

Krav for å oppnå rabatt:

- Valdet/bestandsplanområdet skal utføre vårteljing kvart år.
- Det skal rapporterast frå jakta på [www.settogskutt.no](http://www.settogskutt.no) eller på Setthjort skjema etter fastsett tidsfrist, 14 dg frå jaktslutt.

## 7. Interkommunalt samarbeid.

Kommunane på søre Sunnmøre samarbeider i hjorteforvaltninga, m.a. felles teljedatoar for vårteljing av hjort. Ein har samarbeidd om både merke- og vinterbeiteprosjekt tidlegare. Ein vil halde fram dialog om forvaltning, og samarbeide om framtidige prosjekt. Vidare har Volda og Ørsta god dialog med samordning innan hjorteforvaltninga, m.a. er det være aktuelt med hjortevald over kommunegrensa.

## 8. Rapport og kontroll.

Etter § 32 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt er det rapportplikt av fellingsresultat innan 14 dagar etter jaktslutt.

Alle felte kalvar skal rapporterast straks etter felling, kommunen bør/kan utføre stikkprøvekontrollar av felt kalv.

## 9. Målsetting til bestandsplanane:

- Minimum 25 % kalv
- Minimum 25 % ungdyr (1 ½ år)
- Minimum 70 % fellingsprosent av årlig tildeling og 80 % for perioden.
- Kjønnbalansert av fordeling mellom hanndyr og hodyr i uttaket, dvs. forhold mellom bukk og kolle kan justerast på valdnivå i uttaket etter data frå hjorteviltregisteret i bestandsplana. Kommunal målsetnad er 1,5 kolle per bukk.

- Innføring av skrapdyrkvota og krav om kontrollveging innan 48 timar etter felling, valda må ha internkontroll. Ved mykje skottrensing skal det leggast til vekt etter skjøn.
  - Vektgrense: 20 kg for kalv, for skrapdyr av kalv skal dyret rapporteras som kalv til kommunen, men belastas ikkje fellingsavgift og går ikkje på kvota.
  - 45 kg for 1 ½ år, rapporteras som skrapdyr og etter faktisk alder og kjønn, går ikkje på kvota.
  - 55 kg for 2 ½ år og eldre dyr og rapporteras som skrapdyr og etter faktisk alder og kjønn. Dyret går ikkje på kvota.
  - Vrakdyr etter avtale med kommune eller mattilsynet.
- Valda skal halde tilbake ein viss % -del av årleg kvota til fordeling mellom jaktfelt som har skutt full kvota/jaktfelt som har dyr til gode mot slutten av jakta.
- Etter Forskrift om forvaltning av hjortevilt skal kommunen ved godkjenning av bestandsplan gjere vedtak om overføring av fellingsløyver mellom åra i planperioden. Miljødirektoratet gjer framlegg om 10% av fellingsløyva kan overførast. Ordninga må praktiserast likt for heile kommunen.
- Brot på retningslinjer av bestandsplanar kan seiast opp av kommunen. Etter §16 i nemnde forskrift kan ein bestandsplan seiast opp om der er grove brot på føresetnader for planen. Dette kan være manglande rapportering, vesentleg endringar i bestanden, eller vesentlege avvik frå godkjend plan i form av årleg felling, kjønn og alder.

Frist for kommunen å trekke godkjend plan er 1.april.

Fra: Leidulv Langvatn[leidulvl@online.no] Sendt: 13.05.2019 19:17:08 Til: Peder Magnussen Tittel: SV: Hjorteteljing 2019

Takker for telf i dag. På grunn av det store antall hjort ber eg om auka kvote til 9 dyr. I forbindelse med utvalg av dyr vil eg foreslå å ta ein prat med hjorteforskar Rolf Langvatn, [95216340](tel:95216340). Mvh. LEIDULV Langvatn

Sendt fra min Xperia™-smarttelefon fra Sony

---- Peder Magnussen skrev ----

Husk teljinga i natt.

Helsing

**Peder Magnussen**

skogbruksansvarleg

Kultur og landbruk

Mobil [45282680](tel:45282680)

E-post [peder.magnussen@orsta.kommune.no](mailto:peder.magnussen@orsta.kommune.no)

Web [www.orsta.kommune.no](http://www.orsta.kommune.no)



**Fra:** Peder Magnussen <[peder.magnussen@orsta.kommune.no](mailto:peder.magnussen@orsta.kommune.no)>

**Sendt:** 12. april 2019 11:30

**Til:** 'slaattelid@tussa.com' <[slaattelid@tussa.com](mailto:slaattelid@tussa.com)>; 'hmklokk@gmail.com' <[hmklokk@gmail.com](mailto:hmklokk@gmail.com)>; 'Per Kåre' <[kaa-hels@online.no](mailto:kaa-hels@online.no)>; 'asbjornaaa@gmail.com' <[asbjornaaa@gmail.com](mailto:asbjornaaa@gmail.com)>; 'vik-dahle@tussa.com' <[vik-dahle@tussa.com](mailto:vik-dahle@tussa.com)>; 'Oddbjørn Følsvik' <[oddbjorn.folsvik@gmail.com](mailto:oddbjorn.folsvik@gmail.com)>; 'stale.ytrestol@gmail.com' <[stale.ytrestol@gmail.com](mailto:stale.ytrestol@gmail.com)>; 'martin.b.belt@bos.no' <[martin.b.belt@bos.no](mailto:martin.b.belt@bos.no)>; 'edvin-ma@tussa.com' <[edvin-ma@tussa.com](mailto:edvin-ma@tussa.com)>; Jan Roger Bjørkedal <[jan.roger.bjorkedal@orsta.kommune.no](mailto:jan.roger.bjorkedal@orsta.kommune.no)>; 'ola.steinsvik@tussa.com' <[ola.steinsvik@tussa.com](mailto:ola.steinsvik@tussa.com)>; 'leidulvl@online.no' <[leidulvl@online.no](mailto:leidulvl@online.no)>; 'e.j.aamelfot@hotmail.com' <[e.j.aamelfot@hotmail.com](mailto:e.j.aamelfot@hotmail.com)>; 'Fangstmann.no' <[post@fangstmann.no](mailto:post@fangstmann.no)>; 'runeaa@hivolda.no' <[runeaa@hivolda.no](mailto:runeaa@hivolda.no)>; 'keikrem@online.no' <[keikrem@online.no](mailto:keikrem@online.no)>; 'olav.drivklepp@gmail.com' <[olav.drivklepp@gmail.com](mailto:olav.drivklepp@gmail.com)>; 'bvassbot@gmail.com' <[bvassbot@gmail.com](mailto:bvassbot@gmail.com)>; Trond Barstad <[Trond.Barstad@volda.kommune.no](mailto:Trond.Barstad@volda.kommune.no)>

**Emne:** Re: Hjorteteljing 2019

Husk hjortetellinga.

Peder

On Mon, Apr 1, 2019 at 12:21 PM [+0200](tel:+0200), "Peder Magnussen" <[peder.magnussen@orsta.kommune.no](mailto:peder.magnussen@orsta.kommune.no)> wrote:

Hei,

Teljedataane i år vert:

**Laurdag [13.april](#) frå [00.00](#) til [06.00](#)**

**Laurdag 4. mai frå [00.00](#) til [06.00](#)**

Legg merke til at teljinga skal skje – natt til laurdag.

Teljing av hjort på innmark, same køyreruter og rutinar som tidlegare.

Resultata frå teljinga sendast til viltansvarleg på mail eller SMS.

Helsing

**Peder Magnussen**

**Viltansvarleg i Volda**

Direkte [70049615](tel:70049615)

Mobil [45282680](tel:45282680)

E-post [peder.magnussen@orsta.kommune.no](mailto:peder.magnussen@orsta.kommune.no)

Web [www.orsta.kommune.no](http://www.orsta.kommune.no)